

1. Kommunestyret vedtek å utsetja saka.

2. Før saka kjem opp til ny behandling, skal kommunedirektøren innarbeida endringsframlegg til arealbruk som kommuneplanutvalet behandla 21.09.2026, i plankartet og oppdatera ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU). Kommunedirektøren skal òg utarbeida konsekvensutgreiing for område 1.15 Blomvåg Fjordhotell, 1.25 Tursti Liaskjæret og 1.27 gnr./bnr. 150/7, Skogsvåg.

3. Kommunedirektøren skal arbeida vidare med følgjande punkt, jf. punkt 9 i vedtaket frå kommuneplanutvalet 21.09.2026:

- Vurdera om det er fleire naustmiljø som kan opnast for flytebrygger i sjø.
- Gjennomgå bustader som ligg i LNF, og vurderer om fleire av desse skal leggst til eit byggeformål for bustad eller LNF-spreidd.
- Vurdera om det er fleire i LNF-spreiddformål til bustad som har mista det spreiddbygde preget og bør leggst som bustadformål.
- Tilpassa størrelse på LNF-spreiddformåla slik at vi kan unngå bruk av kvoter.
- Gjennomgå friområda i reguleringsplanar, og endra formål til overordna grønstruktur der det offentlege ikkje skal løysa inn privat eigedom.
- Gjennomgå plankartet slik at formål i den nye arealdelen vert teikna ut på lik måte, slik at plankartet vert einsarta, jf. døme på utteikning av fritidsbustadformål.
- Gjennomgå plankartet for å sjekka om utteikning av plankartet samsvarar med eigedom og/eller bygd situasjon, og rette opp i feil utteikning.
- Arbeida vidare med å samstemma kulturmiljøplanen opp i mot føresegnene og plankartet til arealdelen, og finn eit passande og forenkla nivå på føresegnene knytt til dette temaet.
- Arbeida vidare med å gjera rettleiaren Arkitektur og uterom meir kortfatta og presis.
- Arbeida vidare med fordeling av bustadreserven i kommunen, og ser den i samheng med forventa behov i dei ulike delane i kommunen.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar:

- kvalitetssikra talgrunnlaget i planskildringa, oppdatera arealrekneskapen og språkvaska dokumenta
- gjera nødvendige karttekniske endringar og ferdigstillare feresoner og sikringssoner i plankartet.

5. Formannskapet får lagt fram forslag til framdriftsplan og vidare prosess i møtet 13.10.2026.

6. Saka vert lagd fram att for kommunestyret når dette arbeidet er gjennomført.